

MOR TIL MORMOR

TEKST: Erna Osland · ILLUSTRASJON: Inger Lise Belsvik

Mormor hadde ikkje mor.

Eller rettare sagt:

Da mormor var lita, fekk ho ikkje vere saman med mor si.

Mor til mormor var nemleg sjuk.

Mor til mormor

hadde tuberkulose.

Ho måtte vere på sjukehus.

Heldigvis hadde mormor far.

Han heitte Einar

og var oldefar min.

Oldefar var snill.

Og han var flink til å snikre.

Ein dag snikra han ein krakk.

– Denne krakken er frå mor,
sa oldefar til den vesle jenta si.

Mormor sette seg på krakken.

Han passa akkurat for ei lita jente!

Kvar dag sat mormor
på krakken sin.

Om morgonen var krakken varm.
Når mormor sat på han,
var det som om ho sat på eit fang.

Om kvelden sat ho
heilt, heilt stille.
For når ho sat stille,
kunne ho høyre ein song.
Ein song om ei lita jente og ei mor.

